

Nasjonaldagen blir til

Før 1814 var det den danske kongen som bestemte over Noreg. Det var òg danske lover som galdt.

I 1814 møttest 112 menn på Eidsvoll. Dei vart einige om nye lover for Noreg. Desse lovene vart kalla grunnlova.

17. mai fekk Noreg si eiga grunnlov. Ho betydde at Noreg fekk bestemme over seg sjølv og velje sin eigen konge. Noreg vart eit eige land.

17. mai blir òg kalla grunnlovsdagen.



Spørsmål til teksten:

1. Kva for land bestemte over Noreg før 1814?

2. Kor mange menn møttest på Eidsvoll i 1814?

3. Kva betydde grunnlova for Noreg?

4. Kva blir 17. mai òg kalla?
